



RUTINER FOR SAKSHANDSAMING VED SØKNAD OM KONSESJON ETTER VASSRESSURSLOVA § 8 DER NVE KAN GI LØYVE

Generelt

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har heimel til å gi løyve i saker som ikkje gjeld kraftproduksjon og i saker som gjeld små kraftverk (installert effekt under 10 MW), medan løyve til større kraftutbyggingar vert gjeve av Kongen i statsråd.

Denne orienteringa gjeld saker der NVE kan gi løyve. Føremålet er i gi høyringsinstansane ei samla oversikt over kva vi ønskjer at offentlege forvaltningsmyndigheiter legg vekt på i deira fråsegn.

Handsaming av søknaden fram til endeleg avgjerd

NVE publiserer søknaden med vedlegg på www.nve.no/konsesjonssaker når saka vert lagt ut til offentleg gjennomsyn.

Vi sender samstundes høyringsbrevet til dei kommunane, fylkesmenn, fylkeskommunar, interesseorganisasjonar og statlege forvaltningsorgan som saka vedkjem. Saka vert kunngjort i ei eller fleire aviser i distriktet, og kommunen legg søknaden ut på eit eller fleire offentlege kontor der den kan studerast og eventuelt lånast. Vedlagte adresseliste viser kva for høyringsinstansar som mottek dette høyringsbrevet.

Søkjaren får høve til å gi kommentar til innkomne fråsegner før NVE avsluttar handsaminga. Som eit ledd i handsaminga følgjar ei synfaring der dei som har uttala seg til saka inviterast til å delta.

NVE skal foreta ei vurdering av alle sider ved saka, og står fritt til å vurdere om løyve skal gis og i kva for ein grad. Søknaden og innkomne fråsegner er viktige grunnlag for denne vurderinga.

Dersom NVE gjev løyve, vil vi knytte vilkår til dette, jf. vassressurslova § 26. Vilkåra kan omfatte føresegnar om byggefristar, reguleringshøgder, slepp av minstevassføring, godkjenning av planar med omsyn til miljø og tryggleik, tersklar, erosjon, naturforvaltning, fornminne og sanksjonsbestemmingar ved eventuelle brot på vilkåra.

NVE si avgjerd kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunkt underretninga er kome fram til parten.

Dersom det er søkt om løyve etter energilova for elektriske anlegg i kraftverk og/eller for høgspent overføringsanlegg, vil vi gi naudsynte konsesjonar samstundes med at saka etter vassressurslova avgjerast endeleg.

Kva forventar NVE av høyringsinstansane ?

Føremålet med høyringa er å få synspunkt på dei framlagde planane. Vi ønskjer grunngitte synspunkt på om planane bør gjennomførast, eventuelt val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. NVE ønskjer òg grunngitte forslag til avbøtande tiltak som kan redusere skadane ved gjennomføring av planane, og forslag til eventuelle vilkår.

Kommunen bør spesielt omtale tilhøve knytt til kommuneplanen. I tillegg bør de gi ei oversiktleg framstilling av tilhøvet mellom den framlagde planen og dei lokale interessa.

Fylkesmannen bør i si fråsegn legge særleg vekt på tilhøva omkring forureining, landbruk, miljø (medrekna biologisk mangfald) og beredskap. Fylkeskommunen bør tilsvarande leggje vekt på kulturminne.

Vi føretrekkjer at fråsegner sendast oss elektronisk via www.nve.no/konsesjonssaker. I tillegg er det mogleg å sende fråsegner per post, NVE, postboks 5091, Majorstua, 0301 Oslo, eller e-post til nve@nve.no